

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Dok. nummer 20/09551-4
Deres referanse:
Vår dato: 30.11.2020
Vår referanse: Per Eirik Lund

Uttale til statleg strategi for folkemusikk og folkedans frå Universitetet i Sørøst-Noreg (USN).

Universitetet i Sørøst-Norge viser til høringsbrev fra Kulturdepartementet med forslag til statleg strategi for folkemusikk og folkedans, datert 03.07.2020 med høringsfrist 30.11.2020.

Unesco sin konvensjon om immateriell kulturarv (artikkel 13 og 14) forpliktar Norge i å fremme etablering eller styrking av forskning og utdanningsinstitusjonar innan forvaltning av immateriell kulturarv. Både folkemusikk, folkedans og instrumentmaking er beskytta av denne konvensjonen, og Noreg har slik eit særleg ansvar for å ivareta dette feltet. Noreg må difor ta dei små sårbare tradisjonsfaga på alvor når det kjem til høgare utdanning. For USN er tradisjonskultur, folkemusikk, folkedans og instrumentmakarfaget eit satsingsområde som me har teke eit nasjonalt ansvar for.

Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk på Campus Rauland ved Universitetet i Sørøst-Noreg utgjer det største fagmiljøet for forskning og utdanning innan folkemusikk og folkedans i Noreg. USN tilbyr både årseining og BA i folkemusikk, MA i tradisjonskunst/folkemusikk og PHD i kulturstudier. Vi har også eit engelskspråkleg studie i norsk folkemusikk på engelsk for utanlandske studentar. I 2019 etablerte USN årsstudium i instrumentmaking, samt høve til å fordjupe seg i instrumentmaking på bachelor, master og doktorgradsnivå. USN ser det som svært viktig at nettopp tradisjonsperspektivet blir ivareteke i desse utdanningane og at ein ikkje berre ser det som ein av fleire musikk/dansesjangrar.

No har USN akkreditert ei bachelorutdanning i utøvande folkedans, og held på å utvikle etter- og vidareutdanningskurs i folkemusikk og folkedans for lærarar, instruktørar osb. USN ivaretek også tilsvarande utdanningstilbod innan fleire andre små sårbare tradisjonsfag innan folkekunst/handverksfeltet. Alle desse utdanningane tiltrekker seg studentar frå alle kantar av landet, og er tilknytta fleire internasjonale nettverk med aktiv inn/utveksling av studentar, så vel som tilsette i undervising og forskarstillingar.

Det blir i dag utdanna for få folk til ei rekkje av utlyste jobbar i folkemusikk-/folkedansfeltet. Me har dei siste åra fått mange utøvarar på høgt kunstnarleg nivå, men for få med forskarkompetanse og pedagogisk kompetanse. Det trengst fleire tilsette i skule og barnehage med kunnskap innan folkemusikk og folkedans, og det er slik viktig at det blir lagt til rette for fleksible utdanningsløp der slik utdanning kan innpassast i større grad enn slik det er no.

Det er også viktig at det til kvar ei tid finst publiseringskanalar for relevant forskning skrive på norsk innan dette feltet. På den måten vil forskinga vera meir tilgjengeleg for tradisjonsmiljøet.

Undervising i slike fagområde lyt i stor grad foregå i små studentgrupper og nokon gonger frå ein til ein. Dette er difor dyre studier å drive. Dette er likevel eit nasjonalt ansvar USN ynskjer å prioritere framover. Men, for å få til dette av god kvalitet treng USN 20 studieplassar i finansieringskategori B til folkedansstudier og 10 studieplassar til instrumentmakingstudie i rekonstruksjon av folkemusikkinstrument.

Ein samværskultur for framtida!

Miljøet har særeigne kvalitetar/ kulturell kapital som samfunnet treng meir enn nokon gong. Det handlar om identitet, samværskultur, generasjonsblanding, ivaretaking av kulturarv, grunnlag for vidare dans/musikk. Me bør arbeide for at folk flest skal få eit tettare forhold til folkemusikk både frå Noreg og andre land.

Folkemusikken og kulturarven er viktigare enn nokon gong inn i ei tid der mange verdiar knytt til samværskultur er i ferd med å gå tapt. Samfunnet er i endring, og tradisjonsberinga skjer ikkje av seg sjølv lenger. Sjølv om den digitale utviklinga har gjort verda mindre, trengs det framleis instrumentmakarar, tradisjonsberarar og instruktørar i kvar ein krok av landet. Dette er handboren kunnskap som blir formidla i fysiske møte mellom folk.

Kunnskap om folkemusikk og folkedans har vorte spesialkunnskap, og det er derfor behov for opplæring/utdanning. For å ivareta det store mangfaldet av tradisjonar og stilar er det viktig å unngå standardisering med nokre få utøvarar. Det er difor viktig at det blir lagt opp til det å utforske, oppdage og reflektere omkring eigen tradisjon, i tillegg til å drive talentutvikling med fokus på kunstnarleg utvikling. Talentutvikling og fornying av ein tradisjon er viktig, men då fyrst og fremst på den måten at talenta bør vekse fram i ei større breidde i eit rikt og mangfaldig tradisjonsmiljø.

Folkemusikk- og folkedansmiljøet er eit miljø som kan romme alle aldrar, nivå stilar. Ein viktig del av den pedagogiske metoden er samhandlinga mellom alle aktørar i feltet. Det er viktige bærekraftige kvalitetar i denne samværskulturen som me lyt ta vare på. For å ivareta dette trengst det meir forskning og utdanning, og det er viktig at sjangeren sin eigenart som samværskultur blir vektlagt i utdanningsamanheng.

Det ideelle er å skape solide miljø i alle delar av landet der store delar av opplæringa kan gå av seg sjølv, og på den måten ta vare på det store mangfaldet av stilar og variantar som finst. Her er det viktig med gode instruktørar som både er fagpersonar og miljøskaparar på tradisjonen sine eigne premisser. Ein god folkemusikk-/folkedansinstruktør bør gjennom utforskande perspektiv stimulere til mangfald, rettleie i kjelder og arkiv utan å sitje på alle svara sjølv. Difor er det viktig at me også til legg rette for etter- og vidareutdanning innan folkemusikk, i tillegg til å utdanne (eit fåtal) profesjonelle muskarar/dansarar.

Me treng utdanningar til ulike formål, også breie utdanningar som gjev studentane kunnskap om begge deler – dei treng fleire føter å stå på.

Det er også viktig at det blir lagt til rette for at både lokalmiljø, instruktørar, studentar og forskarar i større grad kan få tilgang til arkiv og kjelder i arbeidet. Med dette meinast ikkje nødvendigvis at alt må ligge ope tilgjengeleg på nett, men at det skal vera system, strukturar og kapasitet til å gje folk tilgang til det dei treng. Dette gjeld særleg i område der det for tida ikkje er så mange aktive utøvarar som kan formidle tradisjon vidare munnleg.

I bevaring og arkivering av materiale frå folkemusikk og folkedansfeltet er det viktig med ei forståing for at bevaring, arkivering, innsamling og formidling heng tett saman. Gjennom bruk av innsamla materiale samlar ein gjerne nye opplysningar som gjev materialet meirverdi for framtida. Likevel er det slik at dokumentasjon, digitalisering og arkivering er ein spesialistkompetanse som det er viktig at ekspertar tek seg av. Det er slik viktig at me har system som legg til rette for ein dynamisk dialog mellom grasrota, høgare utdanning og dei som har ansvaret for bevaring og arkivering. Brukarmiljøet må vera med å utvikle og legge til rette for kontinuerleg innsamling, forskning og formidling av materiale i framtida. Her er tillit og samarbeid avgjerande for at me kan få mest mogleg ut av innsatsen og midlane som blir lagt ned.

Eldsjeleer og tradisjonsberarar sit gjerne inne med stor kunnskap som det er viktig å dokumentere, samt kunnskap om allereie innsamla materiale. Det er slik viktig at det blir lagt til rette for at feltet kan få tilgang til materialet, og bidra med ytterlegare informasjon som gjev det større verdi for ettertida.

Heile landet må med!

Delar av landet som kanskje ikkje har vore rekna som såkalla høgstatusområde for folkemusikken og dansen har også ein verdifull kulturarv. Desse områda bør få ein prioritet både mht dokumentasjon, forskning og formidling. Feleverket bør td fullførast slik at heile landet kjem med.

I ein del tilfeller kan forvaltning av folkemusikk og folkedans ivaretaast av ordningar på tvers av sjangrar. Samstundes er det viktig at ein er medveten på at folkemusikk/folkedans både er ein sjanger og kulturarv på same tid. Dette gjer det noko meir komplisert. Det er difor viktig at det er representantar som forstår sjangren sin eigenart i ulike råd og utval. Det er også viktig at Noreg gjennom internasjonale samarbeid kan bidra til finne ut korleis ein best skal handtere problematikk knytt til opphavsrett rundt tradisjonsutrykk (Tono mm). Dette er eit stor utfordring for feltet i dag, og dette må løysast internasjonalt.

Vennlig hilsen

Petter Aasen

Rektor
Universitetet i Sørøst- Norge

Per Eirik Lund

Stabssjef
Rektors stab

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer.